

REGULERINGSPLAN FOR STOLMAVÅGEN, AUSTEVOLL KOMMUNE

Arkivsaksnr.	Saknr.
05 JUNI 2009	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Løp.nr.	Dok.nr.
Kategori	

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 REGULERINGSFØREMÅL.

- § 1.1 Det regulerte området er vist på planen med plangrense.
- § 1.2 Arealet innanfor plangrensa er regulert fylgjande føremål:

BYGGEOMRÅDE

- Næringsbygg – sjøhus /utleige
- Naust

OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

- Kjøreveg

SPESIALOMRÅDE

- Privat veg
- Friluftsområde
- Privat småbåthamn (land)
- Privat småbåthamn (sjø)
- Frisiktsone ved veg

§ 2 FELLES FØRESEGNER

- § 2.1 Disse føresegnene kjem i tillegg til Plan- og bygningslova, og gjeldande vedtekter i Austevoll kommune.
- § 2.2 Etter at desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som strir imot føresegnene til planen.
- § 2.3 Transformator kioskar, kabelskap, vatn- og avløpsanlegg o.l. kan oppførast i planområdet etter nærare godkjenning i kommunen.
- § 2.4 Ved alle bygge- og anleggsarbeid skal det takast mest mogeleg omsyn til terreng og vegetasjon.
- § 2.5 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet stansast, og Fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden (Lov om kulturminne).

- § 2.6 Alle bygningar og anlegg skal tilpassast krav til universell utforming.
- § 2.7 For dei eigedommane som er klausulert av Kystverket, kan det ikkje setjast i gang tiltak med bygningar eller anlegg før klausuleringane er sletta.
- § 2.8 Frådeling/bygging kan ikkje finnast stad før vatn- og avløpsplan, utsleppsløyve, frisiktzone og utbetring av vegen frå fylkesvegen til planområdet er godkjent.

§ 3 OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

- § 3.1 Kommunal veg skal opparbeidast i samsvar med detaljplanar godkjent av Austevoll kommune.
- § 3.2 Detaljplan for kryss med fylkesvegen skal i tillegg vera godkjent av Statens Vegvesen.
Krysset skal vera opparbeidd før det vert gjeve byggeløyve i planområdet.
- § 3.3 Det skal opparbeidast 2 møteplasser langs vegen.
Møteplassane skal vera opparbeidd før det vert gjeve byggeløyve i planområdet.

§ 4 BYGGEOMRÅDE

- § 4.1 FELLES FØRESEGNER FOR BYGGEOMRÅDA.
- § 4.1.1 Endeleg plassering av bygningar vert fastsett av kommunen.
- § 4.1.2 Ubygde deler av tomta skal ikkje nyttast til lagring.
- § 4.1.3 Bygningar og tilhøyrande anlegg og aktivitetar må ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.
- § 4.1.4 Alle bygningar skal tilpassast det verneverdige naustmiljøet i Stølmavågen.
- § 4.1.5 3 stk. fortøyningsboltar i området skal bevarast. Bygningane skal plasserast slik at boltane ikkje vert skada.
- § 4.2 OMRÅDE FOR NÆRINGSBYGG
- § 4.2.1 Dette gjeld eitt eksisterande sjøhus.
Sjøhuset kan nyttast til utleige for fritidsføremål.

§ 4.2.2 Maks. mønehøgde er 9 m.

§ 4.2.3 Takvinkel skal vera 35 – 45 grader.

§ 4.3 OMRÅDE FOR NAUST

§ 4.3.1 Området kan nyttast til naust, dvs. bygg for båtar, utstyr og reidskap. Innreing av bygningane til bustad eller fritidsbustad er ikkje tillete.

§ 4.3.2 Kvart naust skal ha maksimalt bygd areal BYA = 40 m².

§ 4.3.3 Mønehøgda skal vera inntil 5 m frå gjennomsnitt terrengnivå rundt bygningen.

§ 4.3.4 Takvinkel skal vera 35 – 45 grader.

§ 5.0 SPESIALOMRÅDE

§ 5.1 PRIVAT VEG

§ 5.1.1 Private vegar skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

§ 5.2 FRILUFTSOMRÅDE

§ 5.2.1 Innan området kan det ikkje førast opp bygningar eller anlegg av noko slag.

§ 5.2.2 Området skal vera tilgjengeleg for ålmenta.
Det er ikkje tillete å oppføra stengsler som hindrar fri ferdsle.

§ 5.3 SMÅBÅTHAMN

§ 5.3.1 Området kan nyttast til brygger (faste og flytande), og båtfeste for småbåtar.

§ 5.3.2 Detaljplanar for brygger og hamneanlegg skal godkjennast av kommunen, før arbeidet vert sett i gang.

§ 5.3.3 Tiltak i sjø som fell inn under bestemmelsar i havne- og farvannslova skal godkjennast av Kystverket.

§ 5.3.4 Tiltakshavaren pliktar å gje melding til Bergen Sjøfartsmuseum dersom det under eventuell mudring eller utfylling i sjøområda blir påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine fomminne.

Pågåande arbeid skal i slike høve stoppast, og kan ikkje gjenopptakast før museet har gitt løyve.

§ 5.3.4 Almeningskai skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

§ 5.4 FRISIKTSONE

§ 5.4.1 Område for frisiktsona vil vera kombinert med andre føremål.

§ 5.4.2 Innan frisiktsona skal det ikkje vera sikthinder som stikk meir enn 0,5 m over vegbana.

Stord, 22.01.08
Rev. 04.02.08
Rev. 16.06.08
Rev. 25.11.08
Rev. 18.12.08
Rev. 03.06.09

J. TUFTELAND AS